



## Møtebok

Sak nr 21/2008

Møtedato: 5.3.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 694

### S 694, Jaslungen – klage over vedtak

Ingebjørg og Magne Moe søker om å få føre opp nytt sel på stølen på Jaslungen. Det gamle selet på 27 m<sup>2</sup> skal rivast og erstattast med eit nytt på 73 m<sup>2</sup>. Det gamle selet er i så dårleg tilstand at det er mest hensiktsmessig å rive det.

Søklarane har opplyst at dei starta opp med 10 sau i 2004 som dei har vinterfora og stølen blir brukt til beite for sauene. Stølen er etter dette i bruk etter fjellova.

Til stølar som berre er i bruk til beite har fjellstyret tidlegare godkjent storleiken på sel inntil 70 m<sup>2</sup>. Dette er storleik som Statskog har tilrådd.

Det nye selet har ikkje form som er tradisjonell for stølshus. Det er store glas, veranda og blanding mellom 1 og 1 ½ etasje. Utforming er ikkje i samsvar regelverk om utforming av stølshus utarbeidd av regional kulturminneforvaltning.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:  
*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

I sak 34/2006 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at det er godtgjort behov for nytt sel ut frå drifta på stølen. Utforming av selet er etter fjellstyret sitt syn ikkje i samsvar med retningsliner frå regional kulturminneforvaltning. Fjellstyret ber om nye teikningar som er meir i samsvar dei nemnde retningslinene før ein kan godkjenne søknaden. Søkjaren må ved utarbeiding av nye teikningar redusere storleiken på selet til 70 m<sup>2</sup>.*

Statskog har etter vedtaket kome med merknader til saka. Statskog ynskte lengre tid på uttalen og fjellstyret utsette behandling av saka i to veker. Tilsvarande saker har inntil no vore kurrante saker som Statskog ikkje har hatt merknader til. Det vart derfor oppfatta slik at Statskog ikkje hadde merknader til saka når dette ikkje var kome merknader innan to veker. Statskog har i følgje stølforskriftene rett til å uttale seg til byggesaker på støl i drift og vi må behandle saka på nytt.

Statskog skriv i brev datert 7.7.06 m.a. følgjande:

*I henhold til Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. § 13 "kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter ". I seterregisteret fremgår det at inngjerdet setervoll er 12 daa, og av søknaden fremgår det at setervollen benyttes til beite for sau (10 sauer i 2004). Statskog er av den oppfatning at dagens drift ikke krever husvære, og at et nytt sel i den størrelsesordenen det her omsøkes ikke er i samsvar med setersforskriftens § 13 om "rasjonell utnytting av utvist seter Statskog tilrår derfor avslag på søknaden om oppføring av nytt sel på støl med festnr. 694. Statskog har derimot ingen innvendinger mot at den eksisterende stølsbebyggelsen ivaretas gjennom restaurering, eller ved å erstatte det eksisterende selet med ett nytt i samme størrelse og utforming.*

*Vi ber fjellstyret behandle søknaden på nytt, nå som Statskogs uttale til saken foreligger.*

Stølsbrukaren har i brev datert 28.8.06 fremma ny søknad med eit sel som er 50 m<sup>2</sup> stort. Søkjaren opplyser at det er rive eit tilbygg på selet og at samla areal då var rundt 45m<sup>2</sup>. Ved kontrollmåling av fjellstyret har ein funne at samla areal på tidlegare bygg var 47,6 m<sup>2</sup>.

Oppland fylkeskommune/Fagenhet for kulturvern v/kulturvernkonsulent Leidulv Idland har følgjande merknader til bygget: *Det gamle selet er ikke SEFRAK-registrert og dersom den er i så dårlig stand at den ikke lar seg reparere har vi ingen merknader til at bygget blir revet. Et nytt sel bør tilpasses setermiljøet og den tradisjonelle byggeskikken i området. Det er ingen tradisjon for å ha sammenhengende vindusrekker slik som det er vist på tegningen på fasade nord og vest. Vi vil derfor anbefale at de sammenhengende vindusrekkene brytes opp med vegg imellom vinduene og at antall vinduer reduseres. Det vil gi det nye selet et enklere stølsuttrykk.*

Statskog har følgjande uttale til ny søknad: *På bakgrunn av de opplysninger fremlagt om selets opprinnelige størrelse finner vi ny søknad å være i tråd med Statskogs tidligere uttalelse i saken. Statskog har ingen merknader til ny søknad.*

I sak 41/06 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene på vilkår av at det gamle selet blir rive. Fjellstyret ber søkjaren vurdere å omforme teikningane slik Oppland fylkeskommune tilrår.*

*Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.*

*Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

Ved kontroll av oppført sel viser det seg at selet er større enn søkt om. Omtrentleg areal på det nye selet er 75 m<sup>2</sup> (BYA), dvs ca 50 % større enn godkjent. Dette tilsvarar ca 67,5 m<sup>2</sup> BRA. Moe er skriftleg bedt om å stoppe bygginga og koma med orientering til fjellstyret innan 7.10.07.

Moe har i brev datert 7.10.07 orientert om saka og bedt om godkjenning for huset som er ført opp. Dei har muntleg opplyst at storleiken på huset er 70,5 m<sup>2</sup> (BYA) inkludert gang. Dette tilsvararar 63,45 m<sup>2</sup> (BRA). Det er ikkje levert teikningar av det nye selet.

Fjellstyret godkjente i sak 34/06 eit sel på 70 m<sup>2</sup> (BYA). Statskog hadde ikkje fått tid til å gi uttale og bad om ny behandling av søknaden. Statskog meinte det ikkje var behov for eit sel på 70 m<sup>2</sup>. Før fjellstyret tok saka opp til ny vurdering endra Moe søknaden sin til 50 m<sup>2</sup>. Denne søknaden vart behandla og godkjent. Det er ikkje nødvendig å oversende saka til Statskog på nytt då dei tidlegare har gjeve sitt syn på oppføring av sel med storleik 70 m<sup>2</sup>. Fjellstyret kan godkjenne søknaden sjølv om Statskog frårådar det. Om fjellstyret godkjenner søknaden, har Statskog rett til å klage over vedtaket innan tre veker. Om Statskog skulle vinne fram ved ei klagesak, er søkjaren sjølv ansvarleg for dei tiltak som er gjennomført før vedtaket er endeleg.

Fjellstyret finn ut frå foto av det oppførte at bygget i utforming er så likt teikning som tidlegare er oversendt til Oppland fylkeskommune at det ikkje er grunn til å oversende saka til fylkeskommunen for ny uttale.

I sak 57/2007 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner etter § 13 i stølsforskriftene søknaden om sel på inntil 65 m<sup>2</sup> (BRA). Teikningar av det nye selet skal oversendast fjellstyret. Vedtak om at det gamle selet skal fjernast står ved lag.*

*Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Fjellstyret har i brev datert gjeve følgjande tilbakemelding om bakgrunn for saka:

*Viser til Statskog sitt brev datert 21.11.07 med spørsmål om grunngeving for vedtak 57/2007.*

*I søknaden er det opplyst at søkjaren starta med 10 vinterfora sau i 2004 og brukar stølen til beite. Vidare går det fram av søknaden at det ligg føre planer om å redusere maskindrifta og drive meir aktivt som gardbrukar. Stølen er i bruk og søknaden skal då behandlast etter § 13 i stølsforskrifta. Opplysningane i søknaden om drift har fjellstyret lagt til grunn ved behandling av søknaden, i samsvar med stølsforskrifta.*

*Ved behandling av byggesøknader har fjellstyret skilt stølar i tre grupper ved vurdering av behov; stølar som ikkje er i bruk, stølar brukt til beite/fôrproduksjon og stølar som blir brukt til mjølkeproduksjon. Fjellstyret har ikkje skilt mellom stølar som driv med fôrproduksjon eller beite. Det er heller ikkje gjort forskjell om det er beita med storfe eller småfe. Fjellstyret har ikkje godkjent storleik på sel proporsjonalt med talet på dyr eller kg produsert fôr. Det er heller ingen sakeleg grunn til å gjera det. Det kan dokumenterast slik praksis av fjellstyret over tid. Tilsvarande praksis har Statskog inntil nyleg hatt ved uttale til byggesaker. Vi kan og vise til tilsvarande sak frå Øystre Slidre statsallmenning, vedtak 28/2007. Bruken av stølen er omtrent lik og storleik på sel er lik. Statskog hadde ingen merknader til korkje søknad eller vedtak.*

*Sel er etter PBL §81 ein nødvendig driftsbygning i landbruket. Driftsbygning må kunne førast opp i samsvar med tida og tilhøva. Kravet til husvære har endra seg samanlikna med for 50-100 år sidan. Dette må fjellstyret ta høgde for i si behandling. Ein kan ikkje sjå at det er urimeleg at stølsbrukaren får auke arealet med 20 m<sup>2</sup> samanlikna med for 50 år sidan, frå 50 til 70 m<sup>2</sup>. Eit hus på 70 m<sup>2</sup> er ikkje spesielt stort ut frå dagens krav til husvære.*

Statskog har i aktuell sak gjeve uttrykk for at dei som driv med sau ikkje har krav på å få føre opp sel; Statskog er av den oppfatning at en slik driftsform i dagens samfunn ikke lenger fordrer husvære. I klagesak frå Statskog over fjellstyrevedtak 26/2005 har SLF stadfesta fjellstyret sin rett til å godkjenne oppføring av sel til slik drift. Dette viser at Statskog sitt syn ikkje er i takt med tida. Statskog bør derfor revurdere sitt prinsipielle syn på slike saker før det blir vurdert å klage over vedtak 57/2007. Fjellstyret har for sin eigen del ikkje noko mot at det blir klaga over vedtaket, men det kan bli ei stor ulempe for søkjaren ved lang saksbehandlingstid.

Eventuell klage skal stilast til SLF og sendast fjellstyret til ny behandling. Ved eventuelle klage krev vi at all korrespondanse blir sendt om fjellstyret og ikkje direkte mellom Statskog og SLF slik som i klagesaka over vedtak 26/2005.

Statskog har i brev datert 4.3.08 klaga over vedtaket og etter følgjande vurdering:

Statskogs vurdering av saken:

Etter en oppsummering av fjellstyrets argumentasjon saken, både i tidligere vedtak og i begrunnelsen for siste vedtak, er Statskog av den oppfatning at det åpenbart mangler en konkret vurdering av behovet i denne saken.

Fjellstyret velger i stedet å behandle søknaden basert på tidligere vedtak i andre saker, kategori av bruk og hva som anses som en rimelig standardheving i forhold til tidligere tider.

Statskog er av den oppfatning at fjellstyret ved en konkret vurdering av denne saken ville innsett at gardens driftform og omfang i utgangspunktet ikke fordrer husvære. Vår oppfatning vedrørende dette styrkes ved fjellstyrets vedtak i sak 41/2007.

Når det gjelder fjellstyrets henvisning til hva som kan anses som en rimelig standardheving i forhold til tidligere tider er ikke Statskog i utgangspunktet uenige i dette. Vi mener allikevel at dette ikke kan erstatte det faktum at det i utgangspunktet må foreligge et konkret behov.

Dersom det forholder seg slik at bruksberettigede med bakgrunn i eksisterende støl kan foreta standardhevninger som fjellstyret her viser til uten at det foreligger et reelt behov etter dagens driftsform og driftsform mener Statskog dette er en utvidelse av bruksretten som, utover grunneier, berører allmennheten for øvrig, og i særdeleshet den delen av befolkningen lokalt som ikke har bruksrett i statsallmenningen.

Videre er vi uenige i fjellstyrets konklusjon på bakgrunn av SLF sin klagebehandling av fjellstyresak 26/2005. Vår oppfatning av denne saken, i en meget forenklet versjon, er at den bruksberettigede i dette tilfellet ikke kunne lastes eller gjøres skadelidende som følge av mangelfulle utvisningskriterier og treg oppfølging av fjellstyret/Statskog.

Klage på vedtak i fjellstyresak 57/2007:

Statskog velger å påklage fjellstyrets vedtak i sak 57/2007 ettersom vi mener det mangler konkret vurdering av søkerens behov jmf. seterforskriftens § 13. Vi mener at behovet skal legges til grunn selv om søkeren i dette tilfellet har bygget utover den tillatelsen som tidligere er gitt.

Vi ber følgelig SLF vurdere behovet i denne saken isolert sett, og videre ta stilling til hvor vidt fjellstyret kan behandle byggesøknader på støler etter generelle retningslinjer/prinsipper uten å foreta konkrete vurderinger.

Statskog sitt brev viser til sak 41/2007 og tilsvarende gjer fjellstyret i sitt brev datert 24.9.07. Rett nummer på fjellstyrevedtaket er 41/2006.

Statskog har klagerett over vedtaket og klagen er sett fram i rett tid. Ved klage skal fjellstyret behandle saka på nytt. Om fjellstyret ikkje gjer om sitt tidlegare vedtaket, skal klagen sendast til SLF for avgjer.

Statskog si klage er i hovudsak grunngeven med at søkjaren ikkje har behov for så stort sel som er godkjent og at fjellstyret ikkje konkret har vurdert behovet til søkjaren.

Statskog hevdar at fjellstyret ikkje har gjort ei konkret vurdering av søknaden, men at vedtaket er gjort på prinsipielt grunnlag. Fjellstyret kan ikkje sjå at det er feil å ha prinsipp i korleis saker skal behandlast og at ein prøver å få lik behandling av søknader. Fjellstyret har gjort eit skjønn på behov for hus ved dei ulike driftsformene. Ein har og sett på korleis dette samsvarar med tidlegare behandling. Ut frå dette har ein kome fram til maksimal storleik på sel som normalt kan godkjennast ved ulik drift. Fjellstyret kan ikkje på nokon måte sjå at slik skjønnsvurdering er i strid med lov eller forskrift. Det er ein stor fordel for alle at ein har klare reglar å halde seg til. Det er ikkje minst ein fordel for søkjaren at det er kjent kva krav fjellstyret stiller til søknaden og kva som normalt vil bli godkjent. Det vil og sikre at ein får meir lik behandling av likeverdige

søknader. Fjellstyret har derfor starta opp arbeid med ein byggerettleiar for stølshus. Rettleiaren vil omfatte både storleik og utforming av hus, jf. det pålegg fjellstyret har etter §13. Arbeidet vil bli gjort i nært samarbeid med Oppland fylkeskommune, avdeling for kulturvern. Fjellstyret tek sikte på å få rettleiaren ferdig i løpet av 2008.

Statskog argumenterar for at beite med sau som driftsform ikkje har behov for husværet. Statskog har eit prinsipielt anna syn på bygging på støl enn det fjellstyret har. Statskog meiner at ein ikkje treng sel på stølar der det er ei driftsform som ikkje krev at ein kontinuerlig tilstades på stølen. Dette betyr i praksis at alle stølar utan mjølkeproduksjon berre kan restaurere eller erstatte gamle bygg med nybygg av same storleik. Statskog Lillehammer har etter fjellstyret sitt syn, eit lite realistiske syn på kva praktisk stølsbruk er og dårleg forståing av lokal stølstradisjon. Utnytting av stølane i Vestre Slidre er total forskjellig frå det som er i Gudbrandsdalen. Bruksretten er ikkje konstant, men ein dynamisk rett som utvilgar seg over tid og varierar frå område til område (jf. §2 om tida og tilhøva). Fjellstyret har registrert at Statskog har endra syn på byggesøknader etter at kontoret i Valdres vart lagt ned og ansvaret lagt til Lillehammer. Statskog hadde tidlegare ikkje merknader til liknande søknader. Det er mykje lokalkunnskap og forståing for stølsbruk som har vorte borte i denne prosessen.

Etter PBL er sel ein driftsbygning i landbruket. Fjellstyret ser ikkje vesentleg forskjell mellom behovsvurdering som skal gjerast etter PBL og fjelloven. Praksis landet over er at kommunane ikkje stiller slike strenge krav til behovsvurdering som Statskog står for. Skal behovsvurderinga vera slik Statskog hevdar, må styresmaktene sende instruks til kommunane om å endre til følgjande praksis: *Søknad om bygging på stølar som ikkje er i drift med mjølkeproduksjon kan ikkje behandlast etter § 81 i PBL, unnateke er restaurering eller erstatting av gamle bygg med nybygg av tilsvarende storleik.*

Aktuell søkjar ynskjer å trappe ned maskindrifta og gjera meir ut av landbruket ved å starte opp med sau. Han har lagt opp drifta etter det som er mogleg etter dagens jordbrukspolitik. Han tek vare på husa, stølen, stølslandskapet og stølstradisjonane. Skal ikkje stølsbrukarane få ha eit tenlege stølshus som er etter tida og tilhøva, er det ingen som vil gjera slike tiltak. Vestre Slidre statsallmenning har 300 stølar og dei aller fleste er i bruk. Her i bygda har vi ca 90 gardsbruk som brukar stølane til mjølkeproduksjon. Dette er utan tvil det mest intakte og aktive stølsområde i landet. For fjellstyret er det ei målsetting at dette særprega kulturlandskapet blir ført vidare. Det kan berre skje ved aktivt bruk. Med dei haldningar som Statskog syner, er det ikkje mulig å opprettehalde interessa for å ta vare på stølskulturen. Statskog sitt syn samsvarer ikkje med korkje lokale eller nasjonale målsettingar for stølsområda. Med støtte frå fire departement er Valdres natur- og kulturpark etablert. Eit av dei viktigaste elementa i denne satsinga er stølskulturen. For Valdres og Vestre Slidre spesielt, er stølsbruket avgjerande både for landbruket og anna næring.

Statskog skriv at dei har klaga over vedtaket for å få avklara kor langt bruksretten går og kor langt lokal skjønnsvurdering skal kunne gå. Etter § 13 skal fjellstyret vurdere behovet for hus og SLF sin kompetanse til å overprøve fjellstyret sitt skjønn er svært avgrensa. I forarbeidet til fjellova er det lagt vekt på at departementet skal vera svært forsiktig med å overprøve skjønnsvurderingane til fjellstyret. Dersom SLF overprøver fjellstyret sitt skjønn, er det ikkje behov for at fjellstyret behandlar byggesøknadane. LMD kan då i staden ta inn i forskrifta kva hus som er nødvendige og kva storleik dei kan ha.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret finn ikkje at det er langt fram argument som gjer at ein kan endre tidlegare vedtak og fjellstyret vedtek å opprettheld vedtak i sak 57/2007. Klagesaka blir oversendt til SLF for avgjer.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 4.4.2008

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: SLF  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Ingebjørg og Magne Moe  
Oppland fylkeskommune